

# **Forskrift om vern av Hålandsdalen naturreservat, Suldal kommune, Rogaland fylke**

Fastsett ved kongelig resolusjon ----- med heimel i lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

## **§ 1. Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit stort samanhengande skogsområde frå lågland til fjell med edellauvskog, temperert regnskog og eldre furuskog som er lite prega av nyare inngrep, og å ta vare på alt naturleg plante- og dyreliv og dei naturlege økologiske prosessane i området. Eldre edellauvskog/haustingsskog av ask og andre edellauvtre dominerer langs Storåna og i rasmark og bratte lier, særleg ut mot Hålandsdalen. På stammene finst fleire sjeldsynte, fuktkevjande og nasjonalt truga lavartar som gjer at skogen kan reknast som regnskog. Hovudmålet er å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og om mogleg ta vare på kulturpreget i haustingsskogen.

## **§ 2. Geografisk avgrensing**

Naturreservatet gjeld gnr./bnr.: 167/1, 159/1, 159/2, 160/4, 165/24, 165/1, 165/2 og 164/3 i Suldal kommune.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på om lag 7078 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:15 000 datert Klima- og miljødepartementet ----- . Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkjast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Suldal kommune, hjå Fylkesmannen i Rogaland fylke, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

## **§ 3. Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som reduserer verneverdiane gjevne i føremålet med vernet.

For naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude busker og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyring. Utsetjing av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombels innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, plassering av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode.

## **§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Beiting.
- e. Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar ut frå tilstanden på vernetidspunktet.
- f. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og naudsynt ferdsle i samband med dette arbeidet.

- g. Drift, vedlikehald og naudsyn istandsetjing ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- h. Oppgradering/fornyng av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneføremålet.

### **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
- b. Bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding er forbode.

### **§ 6. Generelle unntak frå ferdselsreglane**

Reglane om ferdsel i § 5 er ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.
- b) Naudsynt motorferdsle for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyning skjer.
- c) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- d) Naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

### **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- c. Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- d. Rydding og vedlikehald av eksisterande stiar.
- e. Uttak av bjørkeved til bruk på Hålandsstølen og rydding av einer og tilvekst av bjørk, kringstølen, i medhald av godkjent forvaltningsplan.
- f. Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket.
- g. Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- h. Oppgradering/fornyng av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 g.
- i. Naudsynt motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, oppgradering og fornyng av kraftleidningar.
- j. Naudsynt transport av material for vedlikehald av hytte, på stitrase mellom Haugland og Hålandsstølen
- k. Naudsynt motorferdsel for aktivitetar nemnt i § 4 e og § 7 g .

### **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

### **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

### **§ 10. Forvaltingsplan**

Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11. Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltningsstyresmakta etter denne forskrifta.

### **§ 12. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samstundes er vernevedtak av 25. januar 2013 om vern av Hålandsdalen naturreservat, Suldal kommune, Rogaland, oppheva.